

Plasseringsguide for mesh

Pass på at kvar forsterkar du plasserer i bustaden er innanfor god dekning frå 1. boksa. Forsterkarane bør stå høgt og fritt.

1 Sjå etter ei sentral plassering.

Dekningsfeltet rundt kvar forsterkar er som ei kule, og strekk seg i alle retningar. Plassering inntil yttervegg vil gje dekning på utsida av huset.

2 Unngå å plassere forsterkarane på rekkje.

Ein trekantformasjon som gjer at forsterkarane kan nå kvarandre trådløst, er det beste. Lyssignala på forsterkarane viser om dei er innanfor rekkjevidde. Raudt lys kan òg bety at forsterkaren står for nær hovudboksa.

3 Unngå hindringar så langt som råd.


Unngå å plassere forsterkaren bak andre gjenstandar som TV og høgtalarar, då det kan påverke dekninga.

Jobb deg rundt store hindringar som murpeis/pipe og armert badarom. Dersom det er hindringar i tak og golv, som armering, vassboren varme eller varmekablar, kan det vere gunstig å plassere forsterkarane nær ei trapp.



Premium WIFI

Icoteria i3560



Har du spørsmål?

Kundesenteret vårt hjelper deg gjerne.
Telefon: 70 04 63 00

Opningstider:

Måndag–fredag kl. 08.00–19.00
Laurdag kl. 12.00–15.00

09/2024

tussa.no/retteleingar

Oppkopling av Premium WIFI

WiFi-løysinga vår inneheld opptil tre boksar som du plasserer i bustaden. Du kan supplere med fleire boksar ved behov. Boksane kan hengast på veggen eller du kan ha dei ståande.


Sett opp den første forsterkaren

- A Den første forsterkaren plasserer du i same rom og med litt avstand til ruter. Kople til straum og slå den på.
- B Når lampa lyser kvitt, er boksa klar til å kople seg opp mot ruter i mesh.



Ruter

Forsterkar



Ruter

Forsterkar

Sett opp resten av forsterkarane

- C Trykk på WPS-knappen på baksida av ruter og hold knappen inne i ca 2 sekund. Den nederste lampa på ruter skal no blinke blått. Trykk på WPS-knappen på baksida av forsterkaren og hald inne i 2 sekund. Lampen på den skal no blinke blått.
- D Vent til lampene på begge boksene lyser grønt. Dette kan ta minst 2 minutt.
- E Du kan no flytte forsterkaren og plassere den ein stad i huset der du ønskjer å utvide dekninga. Hugs at forsterkaren må ha god dekning til hovudboksa.
- F Gjenta trinn A til F for kvar ekstra forsterkar du vil legge til.

- G Dersom du ønskjer kan du endre nettverksnamn (SSID) og passord. Du kan leggje inn det same som det gamle nettverket ditt slik at du ikkje treng å kople til alt utstyr på nytt.

(Spør gjerne kundesenteret vårt dersom du treng hjelp)

Du finn alle rettleiingane på tussa.no/rettleiingar